

SVEIO KONTROLL- OG KVALITETSUTVAL

PROTOKOLL

Tysdag 6. mai 2024 blei det halde møte i Sveio kontroll- og kvalitetsutval under leiing av utvalsleiar Kjartan Moe Hustvedt.

MØTESTAD:	Sveio kommunehus, kommunestyresalen
MØTESTART/SLUTT:	Kl. 14.00 – 15.40
MØTANDE MEDLEMMER:	Kjartan Moe Hustvedt (MDG), Ole Johan Sveen (TvF), Per S. Wathne (Krf), Marit Elise Lier (Ap) og Andreas Bårtvedt (H)
MØTANDE VARAMEDLEMMER:	Ingen
FORFALL/IKKJE INNKALLA:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ ROGALAND REVISJON:	Regnskapsrevisor Therese Bjørkeland og Jeanette Sømnes
FRÅ ADMINISTRASJONEN:	Rådmann Jostein Førre og økonomisjef Peter O. Lura
ANDRE SOM MØTTE:	Ingen
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTEN:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA

SAK 07/24 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 05.02.24

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå møtet i Sveio kontroll- og kvalitetsutval 05.02.24 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 06.05.24:

Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 06.05.24:

Protokoll frå møtet i Sveio kontroll- og kvalitetsutval 05.02.24 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 08/24 ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN – V/ RÅDMANNEN

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tek rådmannen si utgreiing om sitt arbeids- og ansvarsområde til orientering.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 06.05.24:

Rådmann Jostein Førre viste ein presentasjon og orienterte om sitt arbeidsområde. Han gjorde greie for dei ytre rammene som kommunane må forhalda seg til og kommunen sin visjon.

Rådmannen viste organisasjonskart og gjorde geie for dei ulike einingane. Vidare forklarte han om internkontroll, det er viktig med «orden i eige hus», og om det nye avvikssystemet.

Medlemmene fekk svar på spørsmål om mellom anna størrelsen på staben samanlikna med andre kommunar, endringar i organisering, handsamingstid på saker og rekruttering.

Leiar takka for ein lærerik og interessant orientering.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 06.05.24:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tek rådmannen si utgreiing om sitt arbeids- og ansvarsområde til orientering.

SAK 09/24 UTTALE TIL ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 2023 – SVEIO KOMMUNE

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval vedtek uttale til årsrekneskap og årsmelding 2023 slik den ligg føre (med desse endringane/tillegg).

Sveio kontroll- og kvalitetsutvalet tilrår at Sveio kommunestyre godkjenner årsrekneskapen og årsmeldinga for 2023.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 06.05.24:

Økonomisjef Peter Lura viste ein presentasjon og gjorde greie for årsrekneskapen. Han orienterte om det økonomiske resultatet og hovudtala i rekneskapen.

Revisor Therese S. Bjørkeland orienterte om revisjonen sitt arbeid. Ho gjorde greie for kommunen sin økonomisk situasjon og kommunen sine måltall. Vidare gjorde ho greie for funn/merknader i dei ulike delane av rekneskapen. Revisjonsberetninga var utan merknader. Revisor meinte at kommunen hadde god kontroll og gode rutinar.

Rådmann og økonomisjef svara på spørsmål om mellom anna sjølvkost, lovpålagde tenester og barnevern.

Utvalet var nøgd med orientera og slutta seg til uttalen slik den var fremma.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 06.05.24 og innstilling:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval vedtek uttale til årsrekneskap og årsmelding 2023 slik den ligg føre.

Sveio kontroll- og kvalitetsutvalet tilrår at Sveio kommunestyre godkjenner årsrekneskapen og årsmeldinga for 2023.

SAK 10/24 UTTALE TIL REKNESKAP OG ÅRSMELDING 2023 – RYVARDEN KULTURFYR KF

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval vedtek uttale til Ryvarden Kulturfyr KF sitt rekneskap for 2023, slik den ligg føre.

Sveio kontroll- og kvalitetsutval vil tilrå at kommunestyret godkjenner Ryvarden Kulturfyr FK sitt årsrekneskap og årsmelding for 2023.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 06.05.24:

Revisor orienterte kort om revisjonsberetninga. Revisjonen hadde ingen merknader til rekneskapen.

Utvalet hadde ingen merknader og slutta seg til uttalen slik den var fremma.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 06.05.24 og innstilling:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval vedtek uttale til Ryvarden Kulturfyr KF sitt rekneskap for 2023, slik den ligg føre.

Sveio kontroll- og kvalitetsutval vil tilrå at kommunestyret godkjenner Ryvarden Kulturfyr FK sitt årsrekneskap og årsmelding for 2023.

SAK 11/24 FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL FOR 2023

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar vedlagte attestasjonsuttale frå Rogaland Revisjon IKS om økonomiforvaltninga for 2023 til orientering.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 06.05.24:

Revisor orienterte om kontrollen. I 2023 hadde dei undersøkt om vedtak for tildeling av særskilt tilrettelagte bustader tilfredsstillar dei krav som stilles for legitimering av retten til å krevje mva-kompensasjon for slike bustader.

Konklusjonen på kontrollrollen var positiv. Kommunen hadde gode rutinar og følgde loven på dette området.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 06.05.24:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar vedlagte attestasjonsuttale frå Rogaland Revisjon IKS om økonomiforvaltninga for 2023 til orientering.

SAK 12/24 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER

8. Statusrapport pr. mai 2024
9. Generalforsamling 24.04.24 – Haugaland Kraft AS
10. Representantskapsmøte 26.04.24 – Haugaland Vekst IKS
11. Representantskapsmøte 19.04.24 – Haugaland brann og redning IKS
12. Representantskapsmøte 22.04.24 – Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
13. Folkevaldopplæring på Solstrand Hotel – oppsummering
14. «Motiverte kontrollutvalg – et godt utgangspunkt» - artikkel frå NKRF

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 06.05.24:

Leiar orienterte kort om referatsakene. Han fortalte litt frå folkevaldopplæring på Solstrand i februar.

Utvalet hadde ingen merknader til referatsakene.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 06.05.24:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar referatsakene 8 – 14 til orientering.

EVENTUELT

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

Neste møte: måndag 17. juni kl. 14.00

Saker: revisjonsrapport «Pleie og omsorg», arbeide med ROV-analysen og nye planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Sveio/Aksdal, 06.05.24

Kjartan Moe Hustvedt
Utvalseiar

Odd Gunnar Høie
Utvalsesekretær